



# HELSING FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 77



NR. 02 AUGUST 2024



Kirken skal ha en åpen dør!  
Klokkerne ringer vanligvis  
folk ind i kirken... men  
kirken har i mai også gått ut  
til folk på gaten - se s. 5



# Ord til ettertanke

Ordet pilegrim tyder «ein framand». Ein framand er ein ven du ikkje har helst på seier nokon.

Å leggja ut på ei pilegrimsferd tyder å bryte opp frå det kjende, på veg mot noko nytt, noko heilagt. Menneske som vel å leggja ut på ei pilegrimsferd gjer det av ulike grunnar. Nokon søker målet der framme, medan andre vil vera undervegs.

De har kanskje høyrd om pilegrimsledene på Austlandet, opp Østerdalen eller Gudbrandsdalen til Trondheim og Nidarosdomen. For vår kristne arv er det ein viktig stad, og fleire vegar har brukt folk til Nidaros gjennom mange hundre år. Vegane austpå er langt unna for oss her. Vi som er busett langsmed kysten kan reisa sjøvegen. Det går ei pilegrimslei langs kysten vår, til Nidaros, men med ulike nøkkelstader undervegs.

Langs ei pilegrimslei er det er det stader å stoppa, stader ein kan søkja husly. Det er òg heilage stader og kyrkjer å søkja til undervegs.

«Den viktigaste pilegrimsferda du gjer er den du tek til di nærmeste kyrkje,» vert det sagt. Kvar kyrkje bed dykk bryta ut av kvardagen. Kyrkjeklokkena kallar oss inn til gudsteneste. Å koma til kyrkje ein

søndag er ei pilegrimsreise. Vi bryt opp og går inn i noko anna.

Gjennom sommaren har vi samla folk til gudstenester og musikkmesse i Hopperstad stavkyrkje og Hove steinkyrkje. Kyrkjer som turistar og besökande vitjar, slik vi ikkje er framande for å vitja kyrkjer på ferie i utlandet. Kyrkjene her heime er også kyrkjer for oss å vitja.

Eit besøk i ei kyrkje gjev oss meir enn ein ventar i det vi tek steget over terskelen. Det sit noko i veggane – Historiar om levd liv, om tru, tragediar, håp, glede og sorg. Dette er historie som er synleg i Vik, med tre ulike kyrkjebygg i nærleik av kvarandre.

Dei har vore og er i bruk til dei store tinga som skjer i livet – som dåp, bryllaup og gravferd. Innimellan er òg dørene opne og vi kan gå inn heilt på eigehand.

Dei siste åra har Vik kyrkje ynskt velkommen turistar som kjem sjøvegen med cruisebåtane. Då er døra open for alle som er på veg forbi – langvegsfarande og lokale. Vi kan sjå av gjesteboka at besøket inn i kyrkja og opphaldet i kyrkjerommet er viktig for mange. Her kan vi setja oss på ein benk og få vera heilt i ro.

I gjesteboka som ligg i våpenhuset får ein innblikk i menneske frå fjern og nær sine tankar om det å vere undervegs, om å vere på reise. Mange takkar for den opne døra og det vakre kyrkjerommet. Dei takkar Gud for at han har brakt dei trygt hit, og bed ei bøn om at han må vara dei, -og oss, på ferda vidare.

Om ikkje vi er på reis, er vi undervegs gjennom livet. Kyrkjene våre står der og tek oss imot – i dei store tinga som skjer, og i det kvardagslege.

Den viktigaste pilegrimsferda vi gjer er den vi tek til vår eiga kyrkje. Velkommen innom i haust!



Glimt fra pilegrimsvandring på Kinn, saman med prestekollegaer i Sogn prosti. Pilegrimskorset på sekken.

# Gleda ved Gospel

**Vi fanga kordirigent Tom Jarle Istad Kristiansen på veg ut av Vik ungdoms-hus, Vikjahalli, etter konserten med Vik Songlag under Gamalost-festivalen. I denne vårsesongen har Songlaget hatt eit Gospel-prosjekt, som har dreg fleire nye medlemer til koret, og vi ber derfor dirigenten om å sei noko om gleda ved gospel:**

- Den gleda eg opplever? Først og fremst så har eg jo ei tru. Gospelmusikken for meg er jo eit gledas bodskap. Og dei fleste tekstane i gospelmusikken handlar om menneske som Gud har løfta opp, og det er vitnesbyrdet deira. Og difor er det så mykje gleda, fordi vitnesbyrdet er at dei er reist opp av Gud, som har gjort noko i deira liv. Så det er gleda i musikken, i innhaldet.

Og samstundes – det er noko med stilarten. Sjølv så likar eg å lovprise, og vera der i den genren, som gospelmusikken er. Og det er nok fordi eg i lange periodar har mange venner i dei farga baptistsokna i Chicago. Det er veldig inspirerande for meg å treffe desse korledearane og musikarane, som gjer gospel kvar einaste dag. På konsertar og gudstenester. Det er ein del av livet mitt å vera der.

## Gospel og Gudstru

*Kan ein syngja gospel sjølv om ein ikkje trur på Gud?*

- Ja, det trur eg så absolutt. Eg opplever at mange menneske som ikkje er



truande kan syngja gospel, fordi denne genren er respektert og anerkjent, så det å syngja gospel, det er ok, det kan vi gjera.

Og samtidig: Det å syngja gospel går ikkje upåakta hen heller, når tekstane er så sterke som dei er, på trua: "I am redeemed" ... på norsk: "Eg er fødd på ny, kjøpt med ein pris, Jesus

har forvandla heile mitt liv..." Det er klart det gjer noko med alle som syng gospel, om dei vil eller ikkje!

## Musikk og kjensler

- Og det er det som er så fint med all musikk, har eg lyst å sei: Vik Songlag i dag syng mykje ulikt. Songen og musikken har ei evne til å gjera noko med kjenslene våre. Når vi har

ei vise som «Har du fyr» av Ola Bremnes, så kan tårene koma, når du tenkjer på noko. Det er krafta som ligg i songen og musikken.

Alle dei songane som går på relasjon mellom menneske, det å vera noko for kvarandre, slik som «Har du fyr», som stiller spørsmålet "Har du nokon i livet som er ved di side, som støttar deg?", kan du jo ta inn i eit kristent perspektiv. Vi skal vera noko for vår neste. Viss ikkje du er noko for din neste, kva er då att av trua? Og det er jo det som er så fint med fellesskapen vi opplever i Vik Songlag og, der vi ser kvarandre. Og da tenkjer eg at Gud gler seg over det, uansett om vi syng ein gospelsong eller vi syng ei vise.

**«Eg har – kall det ein leveregel:  
eg vil ha beina godt planta på  
jorda, men med blikket oppover.  
Der ynskjer eg å leva».**

#### **Det starta med Ten Sing**

- *Er du fødd inn i ein kristen kultur?*  
- Ja, eg gjekk jo på søndagsskule – og er jo frå Kristiansand, og i min ungdom gjekk nesten alle i kor. Eg vaks opp i Ten Sing-rørsla. Eg kom inn i kyrkja, det er jo Den Norske Kyrkja eg har stått i i alle år, sjølv om eg jobbar veldig økumensk. I sommar skal eg jobbe for frikyrkjene på ein sommarcamp, og så skal eg ha ein festival for Frelsesarmeens.

Vi har ulike måtar å uttrykke vår – kall det kjærleik til Gud på. Det handlar mest om å finne sin plass, eigentleg. I den norske kyrkja har vi liturgi, vi har årsrytme. Vi må ha respekt for at vi uttrykker trua vår ulikt, at vi har ulike behov. Eg ynskjer ikkje å plassera meg, men eg har – kall det ein leveregel: Eg vil ha beina godt planta på jorda, men med blikket opp, oppover. Der ynskjer eg å leva.

**Intervju v. Krista Revsbech**

## **Glimt fra musikkmesse 24.07.24 i Hove Steinkyrkje**

Musikk: Elizabeth og Arne Olden-Wikestad. Liturg: Anders Hove



# Andakts- og gudstenesteliv på Vik bygde- og sjukeheim



Tradisjonen tru feira vi 17.mai med gudsteneste på Vik bygde- og sjukeheim – og vi var heldige med vårsol på nasjonaldagen!

Kyrkjene i Vik kommune inviterer til andakt ein onsdag kvar månad på Vik bygde- og sjukeheim, etter oppsett datoplan. Sidan avdelingane er lokalisert i kvar sine bygg held vi andakt begge

plassar: Stova på Kongshaug kl. 11.30 og Stova i 2. etg. kl. 12.30. Bebuarar i omsorgsbustadane er velkomne til andakt.

## Besøksdag

Soknepresten har sett av ein dag i månaden som besøksdag på sjukeheimen, i hovudsak mellom klokka 11 og 13. Då vil presten sjå innom i stovene og banke på dørene for å helsa på bebuarane. Presten kan også besøka bebuarar i nærliggjande omsorgsbustadar. Presten er tilgjengeleg for samtale og for soknebod på rommet om det skulle vere ynskjeleg.

Bebuarar eller pårørande kan melda ynskje om dette til personalet eller til soknepresten på tlf. 46 88 99 80.

## Vik kyrkje viste ansikt på Gamalostfestivalen



Laurdag bemanna Vik Sokneråd i samarbeid med prest og kyrkjeverje ein stand i Sentrumsgata, så besökande på festivalen kunne få kaffi, kake og slå av en prat – og kanskje vinne eit glas med drops.

Før standdagen på Gamalostfestivalen fekk Karen prest laga ein «rollup» (stor plakat) som syner alle kyrkjene i Vik kommune, og noko av det kyrkja driv

med her - dåp, konfirmasjon, bryllaup, trusopplæring og gudstenester av ulike slag. Før Festivalen sto den i Vik kyrkje, men den skal også ut til dei andre kyrkjene våre når det skjer noko der.

Takk til Folietec for oppsett og produksjon av rollup'en!



## KONFIRMASJONAR

# Konfirmasjonar våren 2024



### 4. mai – Vik kyrkje:

1. rekke fra venstre: Per Olav Hagheim Hove, Leander Heggenes, Robin Nedberge Sagerøy, Celine Fosse Skagen, Elvira Vikøren. 2. rekke: Sokneprest Karen H.B. Melhus, Aksel Opheimshaug Moheim. (Foto: Eli Renate Moheim)



### 4. mai – Arnafjord kyrkje

Isak Hagen Otterskred saman med sokneprest Karen H.B. Melhus.  
(Foto: Tove S. Geithus)



### 11. mai – Fresvik kyrkje

Maria Elisa Høgheim saman med sokneprest Karen H.B. Melhus.  
(Foto: Tove S. Geithus)



### **11. mai – Feios kyrkje**

1. rekke fra venstre: Eva Hov Grindedal, Sissel Ulvestad, Keylinn Sofie Engesæth Grindheim. 2. rekke: Sokneprest Karen H.B. Melhus, Emma Elisabeth Tveit, Veronica Olejnik Tveit.

(Foto: Roger Ulvestad)



### **19. mai – Vangsnæs kyrkje**

Fra venstre: Helene Holen, Ida Hanekam Kvalvik, Martine Fretheim og sokneprest Karen H.B. Melhus



### **19. mai – Vik kyrkje**

1. rekke fra venstre: Sokneprest Karen H.B. Melhus, Tuva Bettum, Ellen Kristine Melheim, Silje Tveite, Eivor Time. 2. rekke: Iver Hegerland, Vemund Hove, Ivar Pedersen Grønningsæter, Jens Mårdalen Tistel. 3. rekke: Lukas Nilsen Systad, Tobias Tryti Dregelid, Eirik Høyum-Kaasen. (Foto: Helge Grønningsæter)

# Barnegudsteneste i Fresvik kyrkje



Karen fortel om gjetaren og flokken.



Kyrkjekaffi og kyrkjesaft...

9. juni var det barnegudsteneste i Fresvik kyrkje. Alle barna i barnehagealder i Fresvik var inviterte.

Prest Karen la heile gudstenesta opp til borna, som deltok med stor iver. Vi song barnesalmar og songar med bevegelsar til. Vi fekk høyre forteljinga om sauens som ble funnen att med leiting etter det vesle lammet Krølle. Til slutt i gudstenesta var det utdeling av bøker til 3-, 4- og 6-åringar.

Etter gudstenesta stelte soknerådet til kyrkjekaffi og vi var så mange at ikkje alle fekk plass ved langbordet. Ein god gjeng hadde kyrkjekaffi-piknik på golvet i kyrkja. Vi var 36 små og store samla i kyrkja denne søndagen.

(Alle foto: Gyda Bøtun)



## For gutter og jenter!

### Haustplan for Vik Kvardagsskule:

Oppstart: mandag 14. oktober i Kyrkjestova.

Vidare kvar mandag utover hausten: 21. oktober, 28. oktober,

4. november, 11. november, 18. november, 25. november.

Siste gang før jul: 2. desember.



3-åring fikk 3-årsbok – og Krølle!



Ein glad 6-åring



4-åringar

# Ord om gras fra Bibelen:

## **Evangeliet etter Matteus, kapitel 6, vers 30-31:**

"Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omnen i morgen, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande! Difor må de ikkje vera urolege og seja: 'Kva skal vi eta?' eller: 'Kva skal vi drikka?' eller: 'Kva skal vi kle oss med?'"



## **Peters første brev, kapitel 1, vers 24-25:**

«Alle menneske er som gras  
og all deira prakt som blomen i graset.  
Graset visnar, og blomen fell av,  
men Herrens ord varer til evig tid.”



# **PLENKLYPPING OG VEDLIKEHALD PÅ GRAVPLASSEN**

Gravplassane i Vik kommune blir forvalta av Vik kyrkjeleg fellesråd.

God plenklypping er vêravhengig, og tidvis kan det difor bli noko venting og ein kan oppleve at graset vert «for høgt». Vi har 7 gravplassar å forvalte med avgrensa kapasitet. Men det blir klypping.

Slått av gras som veks direkte kring grav-minna er den enkelte gravminneeigar sitt ansvar å fjerna. Likevel prøver vi å slå mest mogleg innåt kvart gravminne.

Gravminne som står skeivt eller er laust er vedkomande eigar sitt ansvar.  
Vi kan om ynskjeleg ordna dette for deg.

Har du spørsmål kan dei rettast til dagleg leiar på tlf eller sms 479 77 806, måndag – onsdag 10-15.

## **22.5.24. Vik kyrkjelege fellesråd**

## **«Dansk Aften» i kyrkjestaova**

Torsdag 27. juni fekk me ein fin «dansk aften» i kyrkjestaova. Organist Krista Revsbech hadde, saman med sin danske kollega og veninne, invitert til songkveld. Dei framførte mange danske viser og

tilhøyrande historiar. God allsong vart det også!

Takk til Krista og Kirsten for ein fin sommarkveld i kyrkjestaova med flott song og spel!






# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Vitsar

Eit eple spurde  
ein appelsin:  
– Kvifor er det  
så mørkt her?  
– Fordi pæra har  
gått.

Har du høyrt  
om høna som  
hadde fått feber?  
Ho la berre  
kokte egg.

## Finn fem feil

Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Chiara Bertelli

Gje barnebladet  
**Barnas** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Finn 10 språk

I rutenettet gøymer det seg namnet på  
10 forskjellige språk. Leit bortover og  
nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B



## Døypte:

### Vik:

- 14.04.24 Even Fosse Andersen  
02.06.24 Johan Vange Fredagsvik  
02.06.24 Vetle Seljestø Bjørsvik  
02.06.24 Ebba Emilia Tenold Fredriksen

### Feios:

- 23.06.24 Anna Fosse Sæterlid  
23.06.24 Emma Schau Sæterlid

### Hove:

- 06.07.24 Natalia Astrid Talaoc Aafedt  
06.07.24 Fillip Berge Hove

## Vigde:

### Arnafjord:

- 06.07.24 Sigrid Bystøl +  
Deividas Tenys

### Hove:

- 06.07.24 Jorunn Hove +  
Olaf Lemvik



## Gravferd – urnenedsetjing:

### Feios

- 26.04.24 Jens Petter Sætre f. 1950

### Fresvik

- 16.05.23 Tora Tønder f. 1931

### Vik

- |          |                   |         |
|----------|-------------------|---------|
| 04.04.24 | Omar Helleland    | f. 1969 |
| 24.04.24 | Rannveig Voll     | f. 1948 |
| 03.05.24 | Sverre Hønsi      | f. 1941 |
| 14.04.24 | Anna Tillung Hove | f. 1935 |
| 21.06.24 | Olga Hønsi        | f. 1922 |
| 04.07.24 | Jon Olav Bø       | f. 1938 |
| 05.07.24 | Ingolf Kvist      | f. 1948 |
| 09.07.24 | Olav I. Refsdal   | f. 1935 |
| 11.07.24 | Gunnar Solberg    | f. 1935 |

## SOMMARKONKURRANSE:

På ein stad i Vik kommune finner du denne engelen, som manglar venstre arm – men kvar?

Premie: Hent en overrasking på kyrkjekontoret!

Svar seinast 15. september til bladstyrar på  
e-post: kristarevsbech@gmail.com



# NAMN OG NUMMER

**VIK KYRKJEKONTOR:** 479 77 806

**E-POST:** KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

## KYRKJELEG TILSETTE:

### Kyrkjeverje

Marit Johanne Andersen

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

## TELEFONAR

kontor 479 77 806  
mobil 906 86 227

## KONTORTID

måndag,  
tysdag og  
onsdag  
kl. 10.00–15.00

### Sokneprest

Karen Helene Bøhn Melhus tlf. 468 89 980  
e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

### Prostiprest

Rasmus Bolstad Rustad tlf. 977 38 134  
e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

### Organist

Krista Revsbech tlf. 0045 25 30 48 78  
epost: kristarevsbech@gmail.com tlf. 921 61 625

### Leiande kyrkjeterar

Nils Kvamme tlf. 957 30 615

### Kyrkjeterar i Vik, Vangsnæs og Arnafjord

Jonathan Nahayo tlf. 941 71 504

### Kyrkjeterar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland tlf. 908 39 156

### Kyrkjeterar i Fresvik

Henk van Nierop tlf. 918 70 581

## SOKNERÅD

Soknerådsleiar Arnafjord:	Endre Nese	tlf. 415 10 401
Soknerådsleiar Feios:	Arnstein Linde	tlf. 909 30 320
Soknerådsleiar Fresvik:	Kirsten Johanne Bøtun	tlf. 951 49 366
Soknerådsleiar Vangsnæs:	Brita Sissel Turvoll	tlf. 909 28 179
Soknerådsleiar Vik:	Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581

## VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Turid Kristine Brekke tlf. 922 28 593

## Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal tlf. 469 28 613

## Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

# VELKOMEN TIL KYRKJE

## 11. aug

kl. 11.00 Vangsnæs kyrkje  
kl. 16.00 Arnafjord kyrkje

## 12. s. i treeining. Luk 8, 1-3

Gudsteneste v/ Rasmus Rustad  
Gudsteneste v/ Rasmus Rustad

## 18. aug

kl. 11.00 Vik kyrkje  
  
kl. 16.00 Feios kyrkje

## 13. s. i treeining. Luk 12, 41-48

Gudsteneste v/ Karen Melhus.  
Utdeling av 6-årsbøker  
Familiegudsteneste v/ Karen Melhus.  
Utdeling av 3-, 4- og 6-årsbøker.

## 25. aug

kl. 12.00 Fresvik, Svea

## 14. s. i treeining. Luk 17, 7-10

Gudsteneste saman m. Frelsesarmeene  
v/ Karen Melhus

## 08. sep

kl. 11.00 Vik kyrkje

## 16. s. i treeining. Matt 5, 10-12

Gudsteneste v/ Karen Melhus.  
Presentasjon av konfirmantar.

## 15. sep

kl. 11.00 Vangsnæs kyrkje  
kl. 16.00 Feios kyrkje

## 17. s. i treeining. Luk 7, 11-17

Gudsteneste v/ Karen Melhus.  
Gudsteneste v/ Karen Melhus.

## 22. sep

kl. 11.00 Vik kyrkje  
  
kl. 16.00 Arnafjord kyrkje

## 18. s. i treeining. Matt 8, 5-13

Gudsteneste v/ Karen Melhus.  
50-årskonfirmantar.  
Gudsteneste v/ Rasmus Rustad.  
Hausttakkefest. Presentasjon av  
konfirmantar.

## 06. okt

kl. 11.00 Vik kyrkje

## 20. s. i treeining. Mark 10, 2-9

Gudsteneste v/ Geir Paulsen

## 13. okt

kl. 11.00 Fresvik kyrkje

## 21. s. i treeining. Luk 16, 19-31

Gudsteneste v/ Rasmus Rustad.  
Hausttakkefest. Presentasjon av  
konfirmantar.

## 20. okt

kl. 11.00 Vik kyrkje

kl. 18.00 Feios kyrkje

## 22. s. i treeining. Joh 12, 35-36

Gudsteneste v/ Karen Melhus.  
Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok.  
Strikkegudsteneste v/ Karen Melhus

## 02. nov (laurdag)

kl. 16.00 Vik kyrkje

## Allehelgen. Joh 11, 1-5 og 33-38

Minnegudsteneste v. Karen Melhus

## 03. nov

kl. 11.00 Fresvik kyrkje  
kl. 16.00 Vangsnæs kyrkje

## Allehelgen. Joh 11, 1-5 og 33-38

Minnegudsteneste v/ Karen Melhus  
Minnegudsteneste v/ Karen Melhus

## 10. nov

kl. 11.00 Arnafjord kyrkje

## 25. s. i treeining. Matt 14, 22-34

Gudsteneste v/ Rasmus Rustad

## INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Krista Revsbech
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR	38003011558

## VELKOMEN TIL KYRKJE

<b>17. nov</b>	<b>26. s. i treeining. Joh 9, 1-7 og 35-38</b>
kl. 18.00 Vik kyrkje	Strikkegudsteneste v/ Karen Melhus
<b>01. des</b>	<b>1. s. i advent. Matt 21, 10-17</b>
kl. 16.00 Fresvik kyrkje	Adventsgudsteneste / lysmesse v/Karen Melhus
kl. 19.00 Vangsnes kyrkje	Adventsgudsteneste / lysmesse v/Karen Melhus
<b>08. des</b>	<b>2. s. i advent. Joh 16, 21-24</b>
kl. 16.00 Arnafjord kyrkje	Adventsgudsteneste / lysmesse v/Karen Melhus
kl. 19.00 Vik kyrkje	Adventsgudsteneste / lysmesse v/Karen Melhus
<b>24. des</b>	<b>Julaftan. Luk 2, 1-20</b>
kl. 14.00 Feios kyrkje	Julaftangudsteneste v/Rasmus Rustad
kl. 14.00 Vangsnes kyrkje	Julaftangudsteneste v/Karen Melhus
kl. 16.00 Vik kyrkje	Julaftangudsteneste v/Karen Melhus
<b>25. des</b>	<b>Juledag. Joh 1, 1-14</b>
kl. 11.00 Vik kyrkje	Høgtidsgudsteneste v/Karen Melhus
kl. 16.00 Arnafjord kyrkje	Julegudsteneste v/Karen Melhus
kl. 16.00 Fresvik kyrkje	Julegudsteneste v/Rasmus Rustad

*Vi tek etterhald om endringar i gudstenestelista.  
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: [www.vik.kyrkja.no](http://www.vik.kyrkja.no)

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

### KYRKJESKYSS

Arnafjord:	Ring leiar Endre Nese	tlf. 415 10 401
Feios:	Ring leiar Arnstein Linde	tlf. 909 30 320
Fresvik:	Ring leiar Kirsten Johanne Bøtun	tlf. 951 49 366
Vangsnes:	Ring leiar Brita Sissel Turvoll	tlf. 909 28 179
Vik:	Ring leiar Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581